

Referat frå styremøte nr. 1-2025

Dato: 14.02.25

Tid: kl. 10.00-12.00

Stad: Kommunestyresalen i Giske rådhus og Teams

Til stades frå styret:

Fysisk til stades:

Styreleiar Kenneth Langvatn (ordførar i Giske kommune)

Styremedlem Håkon Lykkebø Strand (ordførar i Ålesund kommune)

Styremedlem Monica Molvær (varaordførar i Ålesund kommune)

Digitalt på Teams:

Nestleiar Sølvi Dimmen (ordførar i Volda kommune)

Styremedlem Terese Jemtegård Moen (ordførar i Fjord kommune) *til kl. 11.55*

Styremedlem Vebjørn Krogsæter (ordførar i Haram kommune)

Styremedlem Ann-Kathrin Storøy (ordførar i Herøy kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (varaordførar i Vanylven kommune)

Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Påtroppande dagleg leiar Sverre Øvrelid Steen

Rådgivar Vegard Austnes

Referent:

Vegard Austnes

Sak 1/25: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjend. Sak til eventuelt (ny sak 10/25) var ein felles strategi ein kan samlast om på Sunnmøre (sunnmørsstrategi).

Styret evaluerte den [felles IPR-samlinga](#) i Kristiansund 6.-7. februar 2025, og konkluderte med at det var ei god samling.

Sak 2/25: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 7-24

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Referatet frå styremøte nr. 7-24 vart godkjend.

Sak 3/25: Presentasjon for styret av ny dagleg leiar Sverre Øvreid Steen

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Sverre Øvreid Steen presenterte seg for styret. Han tek til i stillinga 1. mars. Steen har 12. februar hatt møte med dagleg leiar og rådgivar i Sunnmøre regionråd.

Sak 4/25: Driftsavtale mellom Sunnmøre regionråd IPR og Ålesund kommune

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Jf. samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR punkt 7 skal styret inngå avtale med Ålesund kommune om administrativ støtte og tilsettingsforhold der Ålesund kommune er formell arbeidsgivar i eigen driftsavtale.

Styreleiar og dagleg leiar i Sunnmøre regionråd har hatt møte med den administrative leiinga i Ålesund kommune, og vil kome tilbake til styret med eit forslag til driftsavtale.

Som kontorkommune og formell arbeidsgjevar for tilsette i Sunnmøre regionråd IPR overtek Ålesund kommune Sunnmøre regionråd IKS sine forplikningar i KLP.

I samband med avviklinga av Sunnmøre regionråd IKS har KLP berekna ein eingongspremie til fordeling på deltakarkommunane ut frå valt fordelingsnøkkel.

Eingongspremien skal dekke framtidige G-reguleringar, mogleg uttak av pensjon etter 85-års regelen, AFP frå 65 år og andre moglege utslag av regelverket for offentlege tenestepensjonar under overføringsavtalen.

KLP har berekna eingongspremien til 3,2 mill. kr. Sunnmøre regionråd IKS skal ha eit Teams-møte med KLP om saka.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 5/25: Spørsmål om oppretting av vegforum for E136

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre regionråd har fått ei henvending frå organisasjonen Sunnmøre på rett vei om å opprette og fasilitere eit vegforum for E136.

Styret drøfta saka. I drøftinga kom det fram forslag å etablere ei samferdselsgruppe i Sunnmøre regionråd som kan sjå på samferdsel under eitt og arbeide med ein transportplan forankra i ein overordna strategi for Sunnmøre.

Vedtak: Sunnmøre regionråd tek ikkje ei aktiv rolle i å opprette og fasilitere vegforum for E136. Overordna strategisk prosess framover avgjer kva rolle regionrådet skal ta innan samferdsel.

Sak 6/25: Orientering frå møte 11.02.25 i Vegforum Rv. 15

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar deltok 11. februar på møte i Vegforum Rv. 15. Det er bevilga 20 mill. kr. til planlegging i 2025. Statens vegvesen skal arbeide med prosjektet. Det er prioritert i NTP, med ambisjon om oppstart i 2029 og ferdigstilling i 2036. Arma til Geiranger er fylkesveg, men det vert arbeidd politisk for at staten skal bidra til ei løysing.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 7/25: Henvending frå Åknes/Tafjord Beredskap IKS

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Styreleiar og dagleg leiar deltok 31. januar på møte om framtidig beredskapssamarbeid knytt til utfordringar med Åkneset og Hegguraksla.

Åkneset i Synnlyvsfjorden i Stranda kommune og Hegguraksla i Tafjorden i Fjord kommune er to store ustabile fjellparti som vert overvåka av NVE, for å kunne varsle og evakuere folk dersom fjellskredet skulle kome.

Sidan 2009 har Stranda, Fjord, Sykkylven, Ålesund og Ørsta samarbeidd om selskapet [Åknes/Tafjord Beredskap IKS](#). Representantskapet har vedteke å avvike selskapet.

Henvendinga til Sunnmøre regionråd handlar om eit framtidig samarbeid om det ansvaret kommunane har knytt til beredskapsplanar for ras frå Åkneset og Hegguraksla.

Regionrådet kan eventuelt ta ei rolle i å bistå samarbeidande kommunar i arbeidet med politisk påverknad knytt til beredskap for fjellskred og [dreneringsprosjekt NVE](#).

Vedtak: Styret tek saka til vitande.

Sak 8/25: Søknad om Natursatsmidlar frå Miljødirektoratet med Runde forskning som koordinator/oppgåveavlastande team

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre regionråd har sendt ein uttale til Miljødirektoratet med støtte til søknad frå Hareid kommune (på vegne av Runde Miljøsentert) om midlar frå ordninga [Natursats](#).

Prosjektet gjeld kartlegging av biologisk mangfald fjordsystemet rundt Voldafjorden og i Storfjorden. Søknaden omfattar sjøområda i kommunane Ålesund, Herøy, Ulstein, Sula, Sande, Vanylven, Hareid, Ørsta, Volda, Sykkylven, Stranda og Fjord.

Vedtak: Styret tek orienteringa til vitande.

Sak 9/25: Oppnemning av representantar til Helsefelleskap Møre og Romsdal

Ved styreleiar Kenneth Langvatn og dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Sunnmøre regionråd har motteke ei henvending om oppnemning av representantar til [Partnerskapsmøtet](#) i Helsefelleskap Møre og Romsdal.

Det skal oppnemnast ordførar, kommunedirektør og kommunalsjef frå respektive søre og nordre Sunnmøre til Partnerskapsmøtet, i alt 6 representantar. Styret avgrensa seg til å oppnemne ordførarar, og bad administrasjonen halde dialogen med kommunedirektørane og kommunalsjefane i deltakarkommunane om øvrig oppnemning.

Vedtak: Styret oppnemner Sølvi Dimmen og Håkon Lykkebø Strand til faste representantar i Partnerskapsmøtet (nivå 1 i Helsefelleskapet), med Terese Jemtegård Moen som 1. vararepresentant og Bernt Brandal som 2. vararepresentant.

Sak 10/25: Sak til eventuelt: Sunnmørsstrategien

Ved styreleiar Kenneth Langvatn

Jf. samarbeidsavtalen for Sunnmøre regionråd IPR punkt 3 er strategidokument nemnt som eitt av fleire styringsdokument for samarbeidet.

Styreleiar foreslo at Sunnmøre regionråd initierer ein strategiprosess som kan føre fram til ein sunnmørsstrategi. I arbeidet med strategien kan Sunnmøre regionråd sjå til andre regionale strategiar, t.d. [Nordmørsstrategien](#).

Strategi for samarbeidet på Sunnmøre vert tema på representantskapsmøtet i Sunnmøre regionråd IKS 27. februar d.å.